



Terje Rød imponerte igjen. Her under Solfjelløpet.

26 løparar fullførte i dag konkurranselassen i kraftprøven Folgefonna Opp i Mauranger. Det er litt færre enn dei 45 som sprang på tid i fjor. Kanskje er regnveret siste dagane noko av årsaka til nedgangen. Det deltok 4 uskedelinger i klassen som sprang på tid, og dei gjorde alle svært gode prestasjonar.

Terje Rød som imponerte slik i Solfjelløpet, fulgte opp med eit svært sterkt løp i dag. Han var nr.3 i klasse 45-54 år berre 6 sekundar bak andreplassen. Han fekk tida 1.40.50. Bjørn Egil Haugland fulgte med ein sprekk 4.plass i same klassen med 1.46.58. Vinnar av denne klassen vart Sveinung Horgen frå Lillesand som vann med 3 minutt margin. Også vinnaren har Uskedalsblod i årene. Han er nemleg son til utflytta uskedeling Liv Gurli Horgen(f. Feet), som budde mange år på Utåker.

Blant damene imponerte Solveig Haugland også i år. Ho vann klassen K15-23, og hadde fjerde beste tid av alle damene. Beste dame var Norges fremste klatredame May Britt Buer frå Odda og Gular som gjorde unna løpet på 1.40.21 som er ny klar rekord. Øystein Halldorsson(M15-23) frå Korlevoll Odda hadde best tid av mennene, 1.29.45.

Steinar Kroka imponerer også stadig. 69-åringen var eldste deltakar i konkurranselassen i denne kraftprøven. Folgefonna Opp er 11 km langt og går over 1410 høgdemeter.

I tillegg til dei 26 i konkurranselassen deltok 30 mosjonistar og 9 juniorar som sprang opp til Gardshammar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå Solfjelløpet